

ÅRSRAPPORT

PELAGISK FORENING

2018

PELAGISK
FORENING

www.pelagisk.net





FISKERI I VINDEN

Dei siste to-tre åra har fiskeri fått mykje større merksemd i samfunnet, og i 2018 var verdien av sjømateksporten rekordhøge 99 milliardar kroner. Fiskeri er i vinden som aldri før!

I fjor takka eg ja til vervet som styreleiar. Det var med audmjukheit, og ein god dose hjartebank. Det er store sko å fylla etter Jonny Lokøy, som med stø hand, har leia Pelagisk Forening frå stiftinga i 2011. Eg vil takka styret, administrasjonen, og medlemmane for tillit og støtte.

Gjennom året har Pelagisk Forening arbeidd kontinuerleg med fokus på det som er viktig for medlemmane våre. Ofte står spørsmål av nasjonal betydning på agendaen, og det foreininga landar på kan få store konsekvensar for mange. For fiskarar er det ofte viktig å kunne ta raske val, men endrar ein visse deler av rammevilkåra for næringa, så er det irreversible endringar. Av og til er det difor viktig å skunda seg langsamt. Derfor er det gledeleg, og viktig, for fiskerinæringa at den nye regjeringa i si regjeringsplattform held fast på grunnprinsippa i deltakarlova, fiskesalslaglova og havressurslova. Det er òg gledeleg at den nye regjeringa ikkje vil auka strukturtaket i dei ulike flåtegruppene. Ikkje minste er

det gledeleg at den nye regjeringa vil respektera gjeldande spelereglar, at tidsavgrensa kvotar skal attende til gruppa dei kom frå. Fyrst når inngåtte avtaler vert haldne kan vi byrja å tru på fine ord som ”forutsigbarheit og stabile rammevilkår”.

Mangfald i fiskeriflåten skaper aktivitet, og sikrar aktivitet – og det i mange ledd. Pelagisk Forening har aktivt oppsøkt, samt invitert, politikarar til dialog for å visa kva fiskerinæringa betyr for Noreg. Dette har vore gode og nyttige møte. Møte som syner at Pelagisk Forening har påverka på fiskeripolitikken i Noreg.

For andre år på rad var Pelagisk Forening representert med ”Brennholm” på Arendalsveka. For Pelagisk Forening er dette ein svært god arena for å få politisk innverknad, og det er gledeleg å visa politikarar og andre korleis eit moderne havfiskefartøy ser ut.

Som styreleiar meiner eg at Arendalsveka er ein god stad å markera Pelagisk Forening, og kaiplass er allereie tinga for komande Arendalsveke.

Pelagisk Forening har alltid meint at det er viktig med god fiskeriforsking.

Tidlegare år har foreininga m.a. tatt til orde for betre forskning på loddebestanden. I år har Havforskningsinstituttet køyrt eit loddetokt. Næringa har òg finansiert ein «speidarbåt», som assisterte «Vendla» under loddetoktet. Pelagisk Forening håpar at det blir forska meir på lodda i åra framover.

Som kjent skal ikkje fisken berre fiskast. Fisken skal seljast òg. Eg meiner difor at det er viktig med generisk marknadsføring. Pelagisk Forening har difor vore negative til reduksjonen i marknadsavgifta. I fjor løyva Sildelaget 9 mnok til marknadsføring, og Pelagisk Forening gav uttrykk for at me støtta løyvinga. Eg håpar styresmaktene ser verdien av marknadsføring, og aukar marknadsavgifta i framtida.

Til sist vil eg ynskja alle eit godt fiskeriår!



Marit Hamre
Marit Hamre

STYRET SI MELDING 2018

Pelagisk Forening har hatt eit aktivt år i 2018, og styret har hatt seks heildagsmøte.

Fiskerinæringa får stor merksemd frå resten av samfunnet. I 2018 var eksportverdien av norsk sjømat rekordhøge 99 milliardar kr. Det er ei glede for Pelagisk Forening å bidra til dette og til å skapa aktivitet og ringverknadar langs heile kysten.

Strategi

I fjor blei det nedsett eit strategiutval, som bestod av Eirin Roaldsen, Thomas Johansen og Anne Lise Grønås.

Utvalet definerte målsetjingar, som er vedtatt. Hovudmålet er å få gjennomslag for medlemmane sine synspunkt hjå politikarar, forvaltning og i forskingsmiljø, i saker som er viktige for medlemmane. Deltaking på Arendalsveka er eit viktig element i denne strategien. Strategien gjeld òg i reguleringsaker.

I denne samanhengen er det viktig å ikkje berre koma med kritikk, men levera forslag til gode løysingar. Pelagisk Forening har såleis deltatt på relevante arenaar, bygd relasjonar og samarbeidd med myndigheitene og andre i næringa.

Det er òg viktig å gje medlemmane god hjelp i relevante enkeltsaker.

Det er òg eit mål å få fleire medlemmar. Me ønsker Skude, og reiar Jostein Knutsvik, velkommen som medlem.

Styret rettar vidare ein stor takk til medlemmane av strategiutvalet.

Ny fiskeriminister, Arendalsveka og ressursrenta

Pelagisk Forening si deltaking på Arendalsveka i 2017 var ein stor suksess. Me deltok difor òg i 2018.

Arendalsveka er ei veke med hundrevis av politiske debattar og seminar, og dei fleste rikspolitikarane deltek. Styret kan slå fast at Pelagisk Forening har etablert seg godt på Arendalsveka, og at dette er ein god stad å få fremja våre synspunkt. Styret har difor vedtatt å delta òg i 2019.

Noreg fekk ny fiskeriminister same dag som Arendalsveka starta. Fiskeriminister Nesvik stilte sporty opp på debatt om bord i Brennholm. Dette var Nesvik sitt første offisielle oppdrag som fiskeriminister. Me har hatt andre møte med fiskeriministeren etter dette, både under Arendalsveka og under fiskerimessa.

I Arendal hadde me eit tosfira tal møte med ulike rikspolitikarar. På desse møta fekk me lagt fram våre synspunkt på ulike saker. Politikarane er utan unntak interesserte lyttarar, og dei stiller gode spørsmål. Det blir knytt gode kontaktar med politikarane.

Lars Einar Sandtorv stilte Brennholm til disposisjon. Det var over tusen personar om bord under «open båt».

Brennholm var ein glimrande ambassadør, både for norsk fiskerinæring generelt og Pelagisk Forening spesielt. Styret vil takka alle bidragsytarar. Styret vil vidare retta ein stor takk til Lars Einar Sandtorv og til mannskapet på Brennholm.

Somme talar varmt om ressursrenteavgift, og Eidesenutvalet foreslo innføring av ei slik avgift. Styret meiner at dette minner om manglande kunnskap om kva ressursrente fiskarane i praksis betalar. Me treng ikkje eit nytt ressursrentesystem der me skal betale til staten for at staten skal betala tilbake til lokalsamfunna. Fiskarane betalar alt ressursrenteskatt og bidreg langs heile kysten. Denne direktebetalinga er i samsvar med føremålet i havressurslova.

Det er mykje betre å skapa arbeid og aktivitet langs kysten, framfor at nokre få reiarlag får superprofitt, og må betala høg skatt. Difor har me arbeidd aktivt for å synleggjera kva ressursrenteavgift som i praksis blir betalt.

I haust inviterte me politikarar til Fosnavåg for å synleggjera ressursrenteskatt i praksis. Siktemålet var å synleggjera ringverknadar av fiskeri, og at fiskarane såleis i praksis betalar ressursrenteavgift. Lokale ordførarar og fleire medlemmar av Stortinget sin næringskomité deltok. Det var omvising og foredrag om bord på Leinebjørn, òg omvising hjå lokale verksemdar. Det er òg halde eit liknande arrangement for andre medlemmar av næringskomiteen, om bord i Krossfjord. Mange takk til reiarlaga og Arve Myklebust!

Sjå «Fisk som drivkraft i lokalsamfunna» av Arve Myklebust.

I september inviterte Pelagisk Forening til eit opent fiskarmøte i Austevoll. Tema var uvisse i ressursforskninga, presentert av HI ved Erik Olsen.

Miljøvern

Styret registrerer at miljøvern, og eit reinare hav, har kome høgare på dagsordenen i året som har gått. Dette er svært positivt! Pelagisk Forening har deltatt på møte med Miljødirektoratet, og har samarbeidd godt med miljøorganisasjonar i året som gjekk. Fiskarane har interesse av, og ansvar for å unngå forureining av havet. Styret meiner dette er eit viktig arbeid og ønskjer å ha større fokus på dette i åra som kjem.

I denne samanhengen er det viktig å vera klar over at det er godt miljøvern å fiska fisken der fisken er mest tilgjengelig. Dette uavhengig av t.d.



fjordlinjer. Difor er det òg viktig med gode avtalar, med våre naboland, som gjev norske fiskarar høve til å fiska i nabolanda sine soner. Dette fordi det gjev minst forbruk av drivstoff, og minst utslepp, å fiska fisken der den er best tilgjengelig. Pelagisk fiskeri er den forma for matproduksjon som har minst miljøpåverknad per kg mat, og når fiskeriet er berekraftig, må det ikkje få unaudsynte hindringar.

Lodde og forskning

Styret har lenge stilt spørsmål ved nullkvotar av lodde i Barentshavet. Næringa har lenge bede om at det går eit forskingstokt når gyteinnsiget kjem, slik dei gjer på Island. Me er difor glade for at HI skal køyra eit slikt tokt i år.

Etter to år utan loddefiske i Barentshavet var det positivt at det blei fiske i 2018. Lodde og torsk er av dei få artane som blir sett i samanheng i forskninga. Fleirbestandsforskning er sjølsagt positivt, men dersom det fører til underuttak av lodde, kan det føre til at verdiskapinga blir mindre enn den kunne ha vore. Det er òg vanskeleg å vedlikehalda marknadsposisjonar når leveransane er uvisse.

Pelagisk Forening har deltatt i Fagleg utval for ressursforskning, FUR. Styret ser på dette som nyttig, og retter ein stor takk til vår representant Rose Mari Berge.

Som kjent gjekk makrellrådet kraftig ned. Pelagisk Forening har, i samarbeid med andre organisasjonar, arbeidd for å redusera nedgangen.

Forenkling av regelverk?

Regjeringa gjekk høgt ut, og lova «fornyng, forenkling og forbedring». Diverre har det ikkje vore mange store og synlege resultat. Sidan hausten 2015 har foreininga deltatt i ei arbeidsgruppe som har revidert forskrift om utøving av fisket i sjøen. Forslaget til ny forskrift har nett vore på høyring.

I regjeringsplattforma uttalar den nye fleirtalsregjeringa at den «vil arbeide for en enklere hverdag for folk og bedrifter. Et omfattende skjemavelde og en krevende rapporteringsplikt er en belastning for næringslivet». Foreininga er positiv til forenkling, men forenklinga burde vore meir konkret, forpliktande og raskare. Ofte er det viktigare for byråkratiet å vera best i klassen enn å sørje for at næringsutøvarane har ein enkel kvardag.

Ny regjeringsplattform

Styret er glade for at regjeringsplattforma har mange av dei same målsetjingane som oss: å skapa lønsame arbeidsplassar langs kysten, skapa stabile og gode rammevilkår som bidrar til berekraftig vekst og tar vare på viktige miljø- og naturverdiar.

Regjeringa ønsker òg opne marknader og vil føra ein politikk som vil stimulera til auka handel og marknadsåtgang. Me meiner at marknadsarbeid er viktig, og har uttrykt støtte til auke av marknadsavgift.

Regjeringa uttalte òg at den ikkje vil endra ressursfordelinga mellom fartøygruppene eller strukturta, at strukturkvotar skal falla tilbake til gruppa ved utløp av strukturperioden, og at grunnprinsippa i deltakar-, fiskesalags- og havressurslova ligg fast. Dette samsvarar med vårt syn, og viser at foreininga har påverknad på myndigheitene sin politikk.

Rettstryggleik

Pelagisk Forening har arbeidd for å betra generell rettstryggleik for fiskarane.

I tillegg arbeider sekretariatet jamt og trutt med konkrete enkeltsaker, som åtvaringar, inndragingar og saker der fiskarar er meldt til politiet, samt andre rettsområde. Styret er glad for å kunna tilby denne servicen til medlemmane, og for at servicen gjev resultat.


Sekretariatet

Sekretariatet består av dagleg leiar Mariann Frantsen og advokat Ask Økland. Styret er tilfreds med servicen sekretariatet yter til styret og medlemsreiarlaga i dei mange ulike spørsmåla i samband med drifta av fiskefartøy. Styret er òg nøgde med måten sekretariatet følgjer opp vedtatt strategi.

Det skal vera kort veg frå medlemmar til styret, og styret har inntrykk av at medlemmane er nøgde med dette. Det kan vanskeleg bli for mange innspel, og styret oppmodar difor alle medlemmane til å koma med innspel.

Framtidige satsingsområde


Styret ønsker å fortsetja vedtatt satsing. Styret ønsker òg å jobba meir for å ivareta interessene til den store kystgruppa. Me ser at stor kyst er pressa frå mange kantar, og ofte er denne gruppa den som er skadelidande når ulike særordningar skal ivareta særinteresser og «gode formål».




Marit Hamre
Styrets leder




Kristian Sandtorv
Nestleder




Torbjørn Veia
Styremedlem



Ola Christian Olsen
Styremedlem



Andreas Leine
Styremedlem



Tor Ketil Bergtun
Styremedlem



FISK^{SOM}DRIVKRAFT I LOKALSAMFUNNA

Skulen vår heime på Remøya mangla sklie til ungane, og kva var meir naturleg for den lokale reieren enn at han stilte opp med den gamle notrenna som var utskifta frå ringnotbåten. Den fekk gjere teneste som leikeapparat godt som noko, gratis og franko.

Dette var reieren sitt bidrag til skulen og næringa sitt bidrag til det positive som det vert jobba med i bygda. Slik er fiskarsamfunnet oppbygd, og for min del står denne notrenna der som eit enkelt, banalt eksempel på ressursrente i praksis. Ei ressursrente vi betaler med glede.

Pelagisk Forening har hatt stortingsbesøk om bord i fleire av medlemsfartøya våre for å synleggjere korleis vi i praksis betaler ressursrenta i dag. Vi treng ikkje eit nytt ressursrentesystem der vi skal betale til staten for å få betalt tilbake til lokalsamfunna, når vi allereie betaler og bidreg langs heile kysten.

Vi som driv med pelagisk fiskeri, lossar all fangst fersk til lands – i heile landet – og fisken vert produsert og tilverka der vi leverer. Det gjer at vi skaper aktivitet og handel på land langs heile kysten, frå Rogaland til Finnmark.

Eg arbeider om bord i Leinebjørn, ein gjennomsnittstor ringnotsnurpar. Der er vi femten mann som er sysselsette. Det vert sagt at for kvar arbeidsplass på båtane i fiskeria, vert det skapt ein arbeidsplass i leverandørindustrien og ein i fiskeindustrien. Det vil seie at Leinebjørn direkte og indirekte bidreg til om lag 45 arbeidsplassar.

Ringar i vatn

Da vi avslutta sesongen sist vinter, gjekk vi innom ein trålverkstad. Der hadde vi på land trålutstyret, og vi bestilte overhaling på det til neste sesong. Eksempelvis så er Egersund trål lokalisert på seksten plassar langs

kysten, frå Hvaler i Østfold til Kvaløya i Troms. Dei utgjer eit konglomerat av bedrifter med 800 tilsette.

Etter at vi hadde hatt på land trålen, gjekk vi for å levere fangsten hos Vedde sildoljefabrikk, ei bedrift som omset for 350 millionar kroner. Bedrifta nyttar framleis det gamle namnet sitt, sildoljefabrikk, og leverer ikkje berre råstoff til mat, men gjer også råstoffet om til rike proteinprodukt.

Når båtane vert bygd, er det sjølvsagt at det skaper arbeid og aktivitet hos verft og hos underleverandørar. Men seinare kjem det også oppgraderingar og service hos desse aktørane som er med på å skape aktivitet – det er mykje som trengst for å drifte ein båt, og som skaper ringverknader, og dette med ringverknader gjeld både stort og smått. Noko som kanskje ikkje utgjer den største utgiftsposten for oss, kan verte ein viktig inntektspost for andre. Tenk berre på det vi treng av mat. Når 8–10 mann skal vere vekke på sjøen i mange veker, er det mykje mat som skal til! Slik er desse båtane viktige kundar for matbutikkar langs kysten. Og så treng vi dyner og puter, arbeidshanskar og kjeldressar, oljeklede og hørselsvern.

Slik spreier det seg som ringar i vatn-aktiviteten frå desse fiskebåtane, små som store, plantar seg utover. Lag på lag.

Ringverknader med stor effekt

I heimkommunen Herøy opna vi nettopp ei overbygd fotballbane, som fekk namnet Fiskarhallen nettopp fordi fiskarane og reiarlaga i så stor grad har bidrege til finansieringa. Det er også verdt å nemne badelandet, med 100 000 besøkande i året, som er realisert i fellesskap mellom kommune og lokale reiarlag.

Vi har konserthus med tilhøyrande hotell, og stort sett same finansieringsmodell ligg bak.

Her er det heller ikkje berre i dei store summene vi ser ringverknader. Det kan vere mindre summar, men som likevel – i sum – har stor effekt.

Eit eksempel er ei sjøspeidargruppe som fekk pengar til å kjøpe ein gamal livbåt. Her var eit reiarlag inne som sponsor med pengar – og eit anna reiarlag inne som sponsor ved at dei selde ganske så billig.

Eller kva med eit reiarlag i Pelagisk Forening der dei yngre arvingane kvart år får ein pott som dei skal gi til eit godt formål i kommunen sin. Slik blir også dei neste generasjonane oppdregne i samfunnsansvar og ressursrente.

Sunn konkurranse

For at desse ringverknadene verkeleg skal bli noko av, så trengst det konkurranse.

Visst den eine båten har gitt 10 000 kroner til ei god sak, så gjer det ekstra godt for naboen å gi 15 000 kroner. Vi kan seie at eit nærmast barnsleg konkurranseinstinkt driv dette framover og vidare, på sjø og land. Men alt fordrar igjen at det er eit miljø av ein viss størrelse, med reiarar som ikkje er superprofitørar. Berre alminnelege profitørar med begge føtene planta på jorda, eller dekket, om du vil. Det må ein kritisk masse til, det må vere eit mangfald av aktørar skal ein få den gode konkurransen som skaper samspel, utvikling og aktivitet.



Samspelet og miljøet av fiskarar handlar om meir enn kroner og øre. Det handlar også om kunnskap.

Kunnskapen frå fiskeria har også gitt oss nye næringar og nyskaping på andre område. Er ein mange, så blir det konkurranse, utvikling og innovasjon. Det er den sunne konkurransen mellom mange og mangfaldige reiarlag som gjer at ein får til eit miljø som er teknologidrivande. Då får ein klyngeeffektane som fører til samhandling mellom kapital og kunnskap.

Det er kunnskapen frå fiskeria som var grunnlaget for offshoreflåten vi har fått utvikla i oljenæringa. Det er grunnlaget frå fiskeria som gjer at vi er ei stormakt innan sjømat. Og det er kunnskapen frå fiskeria og fiskarane sin bruk av havet som gjer at vi har eit havrom når vi no skal inn i ei ny tid og ta havet i bruk på stadig nye måtar.

Avhengige av lokalt eigarskap

På forskjellige måtar bidreg vi i fiskeflåten, frå sklia på skuleplassen til den lokale matbutikken til badeland og arbeidsplassar både på sjø og land. Berre i min heimkommune, Herøy, fiskar vi for ca. 1,5 milliardar kroner.

Eg trudde eg skulle få tak i tal som fortalde noko om kor mykje vi bidreg med i skattar og avgifter, men det viste seg å bli ei vanskeleg analyse. Men det dreiar seg om mellom 500 og 750 millionar kroner i direkte skattar. Bruker ein DNB sin ringverknadskalkulator, så bidreg fiskeflåten i Herøy med verdiar tilsvarende rundt 500 lærarar, 300 foreldrepermisjonar, 300 årsverk i

politiet og 200 sjukepleiarar. Og slik er det i kommune etter kommune langs kysten.

Det er veldige tal, men det store er likevel alle ringverknadane flåten bidreg med. Direkte og indirekte, frivillig, utilsikta og kanskje til og med ufrivillig...

Så korleis skal vi ta med oss verdiskapinga og ringverknadene frå fiskerinæringa inn i framtida? Vi er avhengige av ein fiskeflåte med god lønsemd. Men: Vi er også avhengige av ein fiskeflåte av eit visst tal på fartøy. Ei viss spennvidde i typar bruksområde og størrelsar. Vi er avhengige av eit lokalt og ikkje for kapitaloppbunde eigarskap. Eit nært eigarskap med tette band til miljøet rundt seg og som har den argaste konkurrenten nær seg. For at vi skal utvikle oss vidare, og for at vi skal bidrage til miljøet slik som det har vore gjort til denne tid med naturleg ressursrenteskattlegging.

Naturleg ressursrente – naturleg bidrag

I mange kommunar langs kysten ser vi ein mangfaldig fiskeflåte med mange reiarlag. Her er alt frå dei minste sjarkane som driv heimefiskeri, til dei store, havgåande som driftar over heile Nord-Atlanteren. Felles for dei alle er at dei kjøper og leverer varer og tenester i lokalmiljøet og langs heile kysten.

Ja, men flåten fiskar no frå det som er fellesskapet sine ressursar, er det ikkje naturleg at ein vert skatta for privilegiet det er å få hauste av fellesskapet sin eigedom? Jau, sant nok. Men fellesskapet sine ressursar hadde ingen verdi hatt om ikkje ein hadde nokon

som hausta dei. Det er denne gruppa vi likar å kalle fiskarar.

Men så var det denne ressursrenteskattlegginga, som det no så fint heiter i debatten rundt Eidesenutvalet si innstilling, som skal behandlast i løpet av året. Dei direkte tala som ein båt som min arbeidsplass og flåten i min heimkommune bidreg med, har vi sett er store. Det handlar om skatt, avgifter og den direkte kopla sysselsettinga. Men det viktige er også at desse lokale reiarlaga bidreg med så mykje meir. Og det eg har prøvd å skissere, er det Pelagisk Forening definerer som naturleg ressursrente. Fiskeflåten bidreg attende til samfunnet, utan at ein skal engasjere eit veldig apparat for å utgreie og endre heile fiskeflåtestrukturen for å legitimere ei såkalla ressursrenteskattlegging. Det viktige er at alle fartøy og fartøygrupper bidreg. Store som små. Og da er vi igjen attende til slikt som denne sklia. Det frivillige, men likevel så naturlege bidraget.

Arve Myklebust, Representantskapet sin ordførar

Dette er ei revidert utgåve av innlegget som ble heldt av Arve Myklebust, på vegne av Pelagisk Forening, om bord i Leinebjørn og Krossfjord i møte med politikarar i næringskomiteen på Stortinget. I samband med Eidesenutvalet sin rapport, og den nye fiskeripolitikken som skal utmeislast, ønska Pelagisk Forening å vise næringspolitikarane de store ringverknadane frå fiskeria, og korleis fiskeflåten betaler ressursrente i praksis.



Snill sild for kropp og klode



Havets sølv er gull. Både som kvalitetsmat og miljøvennlig mat.

Det virker logisk at det er mer miljøvennlig å kjøpe på Obs-en å storhandle en gang i uka enn å sette seg i bilen og handle hver dag. Men da glemmer man at det beste, for både kropp og klode, er om man sykler på nærbutikken.

Det er slik vi fisker i dag. Med mange båter greier vi å fiske det vi skal når silda og makrellen er på sitt beste. Vi fisker når både tilgjengeligheten og kvaliteten er god. Vi slipper å strekke fiskeriet til skuldersesonger med fisk av mindre god kvalitet og dårlig tilgjengelighet. Nok båter og optimalt tilpasset fangstmengde gjør at vi leverer fisk i verdensklasse. Lastene er også av en slik størrelse at landanleggene kan handtere dem som de verdilastene de er og ivareta konsumkvalitet.

Silda er gull. På F-piren på Arlanda legger den prisbelønte kokken Leif Mannerstrøm sildefileter på tallerkenene på Andersson Food&Akvavit. På Nevskij prospekt, paradegata i St. Petersburgs, serveres

sild på restauranter med hvit duk. Og på strandpromenaden ved kasinoet i Haag er silda foretrukket street food.

Vi må sikre videre bærekraftig vekst og lønnsomme arbeidsplasser. Dette er pelagisk fiskeri! Med passe fangstmengde leverer vi lønnsom, sunn og miljøvennlig kvalitetsmat.

Spørsmålet om lønnsomhet og effektivt fiskeri handler også om miljøvennlig matproduksjon. Det mest miljøvennlige er å bringe til land villfisk som du og jeg kan, og vil, spise. Kvaliteten på fangsten flåten leverer er derfor avgjørende for hvor miljøvennlig fisk er som mat. Derfor er også størrelsen på fangsten avgjørende. Vi må organisere framtidens fiskerinæring slik at vi ivaretar prima kvalitet. Vi må unngå kvalitetsforringelse som gjør at fisken må innom et ekstra ledd i næringskjeden, før vi kan ha den på tallerkenen. Det blir menneskemat til slutt, men via omveiene som silda har hatt fra å være menneskemat til å bli fôr til dyr som igjen skal bli menneskemat, så har det blitt satt tunge miljøspor. Det kan høres ut som vinning for miljøet med større fangster og dermed færre turer, men vinninga går lett opp i spinninga.

Det er likevel ikke slik at antall båter og kvalitet på fangst er de eneste variablene som spiller inn når man skal se på klimaavtrykket til fiskeflåten. Blant annet vil teknologiutvikling og

tilgjengelighet til fisken gjennom gode kvoteavtaler også være viktig.

Spis sild, så blir du snill – også mot miljøet! Sild ligger helt i toppen når det gjelder miljøvennlig og bærekraftig mat. Tomat og agurk er mager mat, men setter feitere spor i CO₂-regnskapet enn det silda gjør. En sildefilet har et klimafotavtrykk på 0,9 kilo CO₂-ekvivalenter per kilo produsert vare. Mye? Tja. Husk tallet 0,9 når du frårter i høstens fårrikål. Fårekjøtt har et CO₂avtrykk på 17. Og husk 0,9, eller kanskje vil du aller helst glemme det, når du setter tenna i en kvalitetsburger med rent storfekjøtt med et klimafotavtrykk på 22,7.

Vi må bremse utslippene av CO₂. En del av løsningen er å fortsette å fiske og levere kvalitetsmat. Miljøsnill sild er kvalitet for kropp og klode.



KONTAKTPERSONER



Marit Hamre

Styreleder

Mob.: 456 00 628

E-post: krossfjordmarit@gmail.com



Mariann Frantsen

Daglig leder

Mob.: 470 33 100

E-post: mariann@pelagisk.net



Ask Økland

Advokat

Mob.: 468 43 164

E-post: ask@pelagisk.net



Kontor

Tlf.: 55 36 02 00

Slottsgaten 3, 5003 Bergen

E-post: post@pelagisk.net

Foto:

Portretter: Marit Hamre av Torill Myren • Mariann Frantsen av Roar Bjånesøy • Ask Økland av Torstein Solem

Forside: Torill Myren. Side 2: Grethe Hillersøy, Norges Sjømatråd. Side 3-4: Johan Wildhagen, Norges Sjømatråd. Side 7: Yvonne Holth, Norges Sjømatråd • istockphoto

Grafisk design: Gunnar Follesø, Follesø Animasjon. Illustrasjon side 5-6 basert på "Costruzione della civiltà di domani" av Hurcal, stock.adobe.com

MEDLEMMER

